

RÅD OG TIPS OM LADING AV ELEKTRISKE KØYRETØY



Vanlegast og tryggast løysning for lading av elektrisk køyretøy heime, er «Modus 3» lading.



Modus 3:

Veggmontert lader med fast kabel eller med stikkontakt type 2.

Normalt kan denne type lader sikrast med 16 til 32 ampere.

Fordeler:

Trygg lading
Rask lading.
Enkel lading

Erfaring frå lading med vanleg stikkontakt.



Erfaring viser at vanlege stikkontakter ikkje er egna for regelmessig lading av el-køyretøy. Grunna høgt straumuttak over tid, vert stikkontakter utsett for varmgang og smelteskadar. Slike skadar inneber risiko for brann.

Ladekabel som vert levert med bilen er berekna for nødlading og ikkje regelmessig lading.



NB! Etter oppdatert regelverk (NEK400: 2022) er det ikkje lenger tillate å montera vanleg stikkontakt for lading av el-køyretøy.

Bruk av skøyteleidning.



- Unngå bruk av skøyteleidning.
- Bruk av skøyteleidning gjev vesentleg auka fare for varmgang med tilhøyrande brannfare.

Før lading av elektrisk kjøretøy heime



- Før ein ladar heime, bør ein installatør sjekka om dei elektriske installasjonane er dimensjonert for lading av elektrisk kjøretøy.

NYTTIG HEIMESIDE!!

<http://www.elbilgrossisten.no/>

<http://www.elsikkerhetsportalen.no/>

